## eiendomssalg i Stranda

Gnr 52, bnr 5, fnr 34 er overdradd fra Knut Vik og Bente Hole Vik til Michael Ulvenes og Anne Britt A Ulvenes (15.11.2004)

Storgata 49 (Gnr 53, bnr 95, seksjon 1) er overdradd for kr 700.000 fra Otto Hermann Overvoll til Ragnhild Overvoll Ghaffari og Payman Ghaffari (18.11.2004)

Overdragelsen omfatter også Storgata 51 (Gnr 53, bnr 95, seksjon 2)

Gnr 45, bnr 54 er solgt for kr 420.000 fra Strandafjellet Hyttegrend as til Arnfinn Olger Solevåg (23.11.2004)

Gnr 65, bnr 6 er overdradd fra Gunnar Eilif Vollset til Hildur Vollset (25.11.2004)

Kyrkjegata 5 (Gnr 52, bnr 159, seksjon 17) er solgt for kr 1.738.929 fra Strandgården Eiendom as til Jørn Gjærde og Tone Skårland Gjærde (26.11.2004)

Gnr 52, bnr 377 er solgt for kr 250.000 fra Ringstad Lars J. og Anders Ringstad til Ole Bjørn Humlen og Beate Skog Humlen (26.11.2004)

Gnr 45, bnr 48 er solgt for kr 788.745 fra Arne Furset til Strandafjellet Hyttegrend as (30.11.2004)

*(Kilde: Statens kartverk)*

## eiendomssalg i Sande

Gnr 6, bnr 186 er solgt for kr 655.000 fra Øyvind Ottar Gjerde til Severin Gjerde (01.12.2004)

Gnr 15, bnr 5 er overdradd fra Asbjørn Vik til Sølvi Elisabeth Vik og Inger-Anne Vik (02.12.2004)

Andel av Gnr 15, bnr 5 er overdradd fra Inger-Anne Vik til Sølvi Elisabeth Vik (02.12.2004)

Gnr 57, bnr 39 er overdradd fra Johan Kristoffer Brekke til John Sigve Brekke (03.12.2004)

Gnr 23, bnr 15 er solgt for kr 670.000 fra Ove Gunnar Myklebust til Rein A Hauge Korshamn (03.12.2004)

Gnr 54, bnr 26 er overdradd fra Borgny Elise Vestnes til Jarle Vestnes, Kirsti Arna Vestnes, Ingunn Beate Vestnes, Mona Valborg Vestnes og Ansgar Åge Vestnes (06.12.2004)

Gnr 59, bnr 2, fnr 5 er overdradd fra Borgny Elise Vestnes til Jarle Vestnes, Kirsti Arna Vestnes, Ingunn Beate Vestnes, Mona Valborg Vestnes og Ansgar Åge Vestnes (06.12.2004)

Andel av Gnr 54, bnr 26 er overdradd for kr 180.000 fra Jarle Vestnes,Kirsti Arna Vestnes, Ingunn Beate Vestnes og Mona Valborg Vestnes til Ansgar Åge Vestnes (06.12.2004)

Andel av Gnr 59, bnr 2, fnr 5 er overdradd for kr 180.000 fra Jarle Vestnes,Kirsti Arna Vestnes, Ingunn Beate Vestnes og Mona Valborg Vestnes til Ansgar Åge Vestnes (06.12.2004)

Gnr 2, bnr 3 er overdradd fra Inge Asmund Gotten til Solveig Gotten (06.12.2004). Overdragelsen omfatter også Gnr 2, bnr 13

Gnr 16, bnr 73 er solgt for kr 70.000 fra Margrete Herborg Hovlid til Ottar Johan Sætre og Rune Johan Thorholm (08.12.2004)

Gnr 9, bnr 10 er overdradd for kr 180.000 fra Peter Andreas Muren til Asbjørg Muren Ulvund (10.12.2004)

Gnr 9, bnr 18 er solgt for kr 510.000 fra Marie Johanne Hagen til Roger Gjerde og Roger Møller (13.12.2004)

*(Kilde: Statens kartverk)*

## Bøndene gjev 60.000 til flaumoffera

Norges Bondelag gjev 60.000 kroner til naudhjelpsarbeidet etter flaumkatastrofen i Asia. – Vi må gjere det vesle vi kan i denne ufattelege katastrofen, seier Bjarne Undheim, leiar i Norges Bondelag.

# Manglar pengar til branntilsyn

Hareid har ikkje råd til å gjennomføre branntilsyn i 54 bygningar i kommunen neste år. – Det vil føre til at brannrisikoen aukar, seier brannsjef Nils Yngve Nupen.

Karl-Petter Løvoll
kpl@smp.no

**BRANNTILSYN.** Kommunane er med lov pålagde å gjennomføre tilsyn ein gong kvart år i bygningar av ein viss karakter og storleik.

Dette gjeld både offentlege og private bygg. I Hareid vart det gjennomført tilsyn i dei fleste bygningar i fjor. Neste år blir det ikkje slik.

– Det har vi ikkje råd til, forklarer Nils Yngve Nupen, som nettopp på grunn av pengemangel har fungert både som brannsjef og teknisk sjef dei fire siste åra.

### Vil auke brannrisikoen

Ved eit tilsyn går personell igjennom viktige sjekkpunkt for mellom anna å sikre at det i bygningane er frie rømingsvegar, intakt brannvarslingssystem og forsvarleg lagring av brannfarleg væske. Tilsynspersonell går også igjennom interne rutiner ved bedrifta, til dømes om bedrifta gjennomfører brannøving.

> **Dersom bedriftene sjølv ikkje tek brannberedskapen alvorleg vil manglande tilsyn heilt klart føre til at brannrisikoen aukar blant tilsette i bedrifter.**
>
> Nils Yngve Nupen, brannsjef i Hareid

– Kva er di vurdering av konsekvensane dersom det ikkje vert gjennomført branntilsyn?

– Det vil vere med på å auke brannrisikoen. Dersom bedriftene sjølv ikkje tek brannberedskapen alvorleg vil manglande tilsyn heilt klart føre til at brannrisikoen aukar blant tilsette i bedrifter. Eg skulle sjølvsagt ynskje at vi hadde ressursar til å gjennomføre tilsyn, seier Nils Yngve Nupen.

### Fleire kommunar

Hareid er ikkje den einaste kommunen som slit med å gjere denne jobben. Ein statistikk frå Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB), viser at kommunar som Herøy, Volda og Ørsta gjennomførte relativt få tilsyn i bygningane dei hadde ansvaret for i 2003.

Mellom anna gjennomførte Herøy tilsyn i berre 3 av 43 såkalla A-objekt, byggverk som kan medføre tap av mange liv ved ein brann. I tilsvarande kategori for Sogn og Fjordane vart det i Selje kommune berre gjennomført tilsyn i 5 av totalt 18 bygningar. I slike bygningar skal ein gjennomføre tilsyn kvart år, heiter det i årsmeldinga til DSB.




*Brannsjef i Hareid, Nils Yngve Nupen, meiner det er uheldig at kommunen ikkje har råd til å gjennomføre tilsyn i bygningar. Ei lovpålagt oppgåve som kommunen neste år ikkje har budsjettert med midlar til.* (Arkivfoto: Torill Myren)

# Kunnskap gir tryggare jobb

Frykt for vald og trugsmål pregar arbeidsdagen for mange i pleie- og omsorgssektoren. Men meir kunnskap kan gjere dei tryggare på jobben.

Kjetil Tandstad
kjetil.tandstad@smp.no

**ARBEIDSMILJØ.** Opplæring i å førebyggje vald og truslar mot tilsette i pleie- og omsorgsyrke og i sosialtenesta kan spare millionar for kommunane, meiner Svein Moland i Moland Kompetanse og Rådgiving.

Sidan oktober i fjor har han frå kontoret i Norddal Næringshage i Valldal gitt tilbod om opplæring til privat og offentlege situasjonar i korleis ein skal kunne unngå farlege situasjonar i jobben. Han meiner ein kan kome langt med å førebyggje. Behovet for kurs for omsorgsarbeidarar på dette feltet er stort, og han ser for seg fleire tilsette i det nyetablerte firmaet etter kvart.

### Kurs

Tilsette i barnevernet, i omsorga for psykisk utviklingshemma eller i rus og psykiatri er nokre av dei som ofte må takle situasjonar som kan bli farlege, seier han. Oftast er det kvinner som har desse jobbane. Dei er gjerne heilt åleine i møte med pasientar som lett kan bli aggressive. Dei har gjerne heller ikkje fått opplæring i korleis dei kan møte farlege situasjonar. Samtidig manglar pleie- og omsorgsyrke kultur for å gjere noko med problemet. Mange møter arbeidsdagen med frykt. Dei er redde for at dei skal hamne i situasjonar dei ikkje er i stand til å takle.

> **Det har vore ein kultur innan helse, pleie og omsorg å tone ned behovet for å sikre dei tilsette.**
>
> Svein Moland, MKR

Løysinga er ikkje først og fremst fleire alarmar og låste dører. Ein kan også kome langt med å førebyggje situasjonar som kan leie til vald og trugsmål, meiner Svein Moland. Han har sosionomutdanning, har arbeidd i fengselsvesenet og har leiarutdanning i helse- og sosialtenesta. Han har lang erfaring med menneske som kan kome til å reagere aggressivt i enkelte situasjonar.

### Førebygging

I kursa sine legg han aller mest vekt på metodar for å hindre at farlege situasjonar skal oppstå. Ein viktig del av kursa går ut på å gjere kursdeltakarane kjende med seg sjølve og korleis dei oppfører seg i kontakt med klienten. Kursa gir også praktiske råd om korleis ein unngår å kome i situasjonar som kan bli farlege. Det kan vere så enkle ting som korleis ein unngår på provosere, korleis ein plasserer seg i rommet, at ein ikkje set seg i situasjonar der ein kan bli sperra inne eller ikkje har retretten fri. Det handlar også om å bevisstgjere tilsette om at frykt for vald og truslar ikkje er ei privatsak, men eit problem som både dei sjølve og arbeidsgjevaren har eit felles ansvar for å løyse.

Gjennom eit samarbeid med Valldal Naturopplevingar vil han tilby rafting og andre spennande aktivitetar til sine kursdeltakarar som ein del av kurset. På den måten vil han vise i praksis at risiko kan reduserast gjennom gode rutinar og eit gjennomtenkt tryggingsopplegg.

Tilsette som arbeider med klientar med kombinasjonar av rus og psykiatri er ei utsett gruppe. Ei anna er dei mange som går vakter i bustader for psykisk utviklinghemma. Ei anna gruppe han gjerne vil nå, er fosterforeldre, som ofte får ansvar for utagerande born og ungdommar. Ei målsetting for styresmaktene er å redusere bruken av institusjonar og mangedoble talet på fosterheimar. Men fosterheimen har ingen plass i HMS-systemet, har han fått opplyst. Årsaka er at fosterforeldra har teke på seg jobben frivillig. Opplæringa av fosterforeldre er også ofte svært mangelfull. Resultatet er at dei ofte gir opp etter få år og borna hamnar i det private barnevernet til ein mange gongar så høg pris for det offentlege, seier Svein Moland.

### Pasienten først

Han meiner det altfor lenge har vore ein kultur innan helse, pleie og omsorg å tone ned behovet for å sikre dei tilsette. Det er pasientane som skal vere i fokus. Påbod om hjelm og vernesko er heilt naturleg for tilsette i industrien. Blant oljearbeidarane i Nordsjøen er det gjennomført eit omfattande rapporteringssystem for å redusere skadar og farlege situasjonar. Når så få rapportar kjem inn om vald mot tilsette i omsorgsyrke, kan ikkje anna enn skuldast kraftig underrapportering. Media kunne nyleg fortelje at i PU-tenesta i Kongsvinger vert tilsette slått kvar dag.

Meir fokus på tryggleiken til dei tilsette, skal ikkje føre til eit kaldare og mindre omsorgsfullt kontakt med dei som skal hjelpast. Men det må vere legitimt å snakke om at tilsette kjenner seg utrygge. Trygge medarbeidarar gjer pasientane trygge. Vi veit at vald og frykt for vald i kvardagen er eit stort problem for mange. Det får ein ikkje gjort noko med utan at ein snakkar om det, seier Svein Moland.



*Trygge tilsette gir også trygge klientar, meiner Svein Moland i Moland Kompetanse og Rådgiving i Valldal. Han vil ta i bruk risikosport for å demonstrere at farefulle aktivitetar kan vere trygge når sikringssystema er gode nok.*

# Omsorgsyrke under lupa

Vald og trugsmål mot tilsette i omsorgsyrke er eit alvorleg problem, meiner Arbeidstilsynet. Kor stort problemet er, finst det ingen gode tal på.

Det finst ingen samla tal for kor mange innan pleie og omsorgsyrke som har vore utsette for vald eller trugsmål om vald frå pasientar og klientar. Dei tala som finst, er truleg prega av stor underrapportering. Tidspress er den viktigaste belastninga i arbeidet for 50.000 tilsette i heimetenestene, men frykt for vald og truslar er også eit alvorleg problem for mange som arbeider i sektoren. Men Arbeidstilsynet har registrert ein framgang i arbeidet mot vald og trugsmål i jobben.

Den landsomfattande kampanjen Rett Hjem viser framgang når det gjeld å få arbeidsgjevarane til å ta problemet alvorleg. Resultata av 538 oppfølgingstilsyn i 329 kommunar viser at Arbeidstilsynet sine pålegg har verka. Nesten halvparten av einingane driv systematiske tiltak for å redusere vald og trugsmål mot tilsette mot 37 prosent før kampanjen vart sett i gang. 56 prosent av einingane har rapportert vald og trugsmål som eit problem. Då kampanjen vart sett i gang, var dette nemnt som eit problem i 62 prosent av einingane, opplyser prosjektleiar Edle Utaaker i Arbeidsdirektoratet.

Prosjektleiar Tore Wammer Aasen i Arbeidstilsynet 9. distrikt seier at det også er gitt pålegg i nokre kommunar på grunn av vald og trugsmål. Han trur det er ei kraftig underrapportering i helse- og omsorgssektoren og meiner det skuldast ein kultur der det ikkje er vanleg å rapportere om vald og trugsmål som skjer i arbeidssituasjonen. Det er viktig for oss å understreke at det ikkje er dei tøffaste, men den enkelte tilsette si tålegrense som avgjer kva som er akseptabelt. Alle med normal psykisk og fysisk utrusting skal kunne arbeide i slike jobbar. Han seier at Arbeidstilsynet planlegg ein ny kampanje om omsorgsyrka i 2006.

## eiendomssalg i Volda

Myravegen 19 (Gnr 30, bnr 111) er solgt for kr 1.250.000 fra Solfrid Mary Brudevoll til Volda Ørsta Sparebanken (01.12.2004). Salget omfatter også Gnr 30, bnr 112

Lønnevegen 6 (Gnr 18, bnr 44) er overdradd fra Ragnvald Ivar Engeset til Ragnhild Kornelia Engeset (01.12.2004). Overdragelsen omfatter også Gnr 18, bnr 331

Lønnevegen 6 (Gnr 18, bnr 44) er solgt for kr 1.250.000 fra Ragnhild Kornelia Engeset til Øystein Pedersen og Elin Torill Dahlen (01.12.2004)

Gnr 89, bnr 22 er overdradd fra Aslaug Følsvik til Kjell Følsvik og Eldar Oddbjørn Følsvik (02.12.2004)

Gnr 89, bnr 22 er overdradd fra Kjell Følsvik og Eldar Oddbjørn Følsvik til Henning Aasebø (02.12.2004)

Kleppevegen 63 (Gnr 17, bnr 183) er solgt for kr 255.898 fra Volda kommune til Tømrer Service as (06.12.2004)

Kleppevegen 65 A (Gnr 17, bnr 184) er overdradd fra Volda kommune til Tømrer Service as (06.12.2004)

Gnr 2, bnr 27 er overdradd fra Oddrun Steinsvik til Julianne Hauge, Lage Aksnes, Anders Aksnes, Marie-Anne Eskeland, Ketil Johan Kroken, Olav Karl Alme, Anders Steinsvik Alme og Kari Grete Alme Gjørven (08.12.2004). Overdragelsen omfatter også Gnr 2, bnr 37

Gnr 2, bnr 27 er solgt for kr 950.000 fra Julianne Hauge,Lage Aksnes,Anders Aksnes,Marie-Anne Eskeland,Ketil Johan Kroken,Olav Karl Alme, Anders Steinsvik Alme og Kari Grete Alme Gjørven til Bjørn Sævik (08.12.2004). Salget omfatter også Gnr 2, bnr 37

Gnr 46, bnr 20 er solgt for kr 88.000 fra Vigdis Leite Høydal til Kåre Steinar Fjellet (08.12.2004)

Lægdavegen 1 (Gnr 29, bnr 40) er solgt for kr 1.400.000 fra Våge A as til Aksel Rasmus Våge (13.12.2004)

Gnr 47, bnr 35 er overdradd fra Johanne Røys Rotevatn til Volda kommune (13.12.2004)

Gnr 93, bnr 12 er overdradd fra Rasmus Løset til Barbro Løset, Turid Petrine Krumsvik, Odd Løseth, Rasmus Løset, Jorunn Hjelle, Laila Løset og Per Ove Løset (14.12.2004)

Gnr 93, bnr 12 er solgt for kr 750.000 fra Barbro Løset,Turid Petrine Krumsvik,Odd Løseth,Rasmus Løset,Jorunn Hjelle, Laila Løset og Per Ove Løset til Andre Bjørkedal Løset (16.12.2004)

Gnr 160, bnr 22 er overdradd fra Leiv Arnulf Ulvestad til Oline Lovise Ulvestad (16.12.2004)

Gnr 160, bnr 22 er solgt for kr 4.000 fra Oline Lovise Ulvestad til Inge Leif Ulvestad (16.12.2004)

Gnr 160, bnr 23 er overdradd fra Daniel Maurits Ulvestad og Ivar Ulvestad til Inge Leif Ulvestad (16.12.2004)

Nesavegen 14 (Gnr 19, bnr 233) er overdradd fra Ruth Wollmann til Nils Dag Wollmann, Annemor Wollmann og Knut Wollmann (17.12.2004)

Vikebygdvegen 13 D (Gnr 20, bnr 476, seksjon 5) er solgt for kr 1.090.000 fra Torbjørn Osdal til Anne Margrete Berge (17.12.2004)

Gnr 47, bnr 34 er overdradd fra Eldfrid Marie Albrektsen til Volda kommune (17.12.2004)

Engesetgeila 3 (Gnr 18, bnr 8) er overdradd fra Peder Engeset til Harald Ytreeide Engeset (20.12.2004)

Rotsetgeila 16 (Gnr 30, bnr 368) er solgt for kr 265.760 fra Per Schjelderup til Jon Petter Lied og Eli-Mette Lüthcke (20.12.2004)

Gnr 108, bnr 26 er solgt for kr 9.525 fra Olav Arnt Reite til Ivar Folkestad (22.12.2004)

Gnr 152, bnr 43 er solgt for kr 870.000 fra Kjell Einar Haugen til Pål Oddvar Grebstad (22.12.2004)

Gnr 58, bnr 1, fnr 3 er overdradd for kr 150.000 fra Knut Andreas Lied og Randi Kjellaug Lied til Jon Petter Lied (23.12.2004)

Gnr 65, bnr 2 er solgt for kr 150.000 fra Kjell Hamre til Helge Hamre og Sylvia Hamre (29.12.2004)

Industrigata 12 (Gnr 19, bnr 638, seksjon 2) er overdradd fra Studentsamskipnaden For Sunnmøre til Volda Sentrum as (29.12.2004)

Prestegata 35 (Gnr 30, bnr 194) er solgt for kr 7.700.000 fra Eikrem Eigedomar as til Nord Sunn Eigedomsselskap as (30.12.2004) Salget omfatter også Myravegen 8 (Gnr 30, bnr 304)

Andel av Lægdavegen 16 (Gnr 30, bnr 312) er overdradd fra Solfrid Teigen til Oddbjørn Petter Nes (30.12.2004)

*(Kilde: Statens kartverk)*